



Meland kommune  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 14/276 - 19/11446

Saksbehandlar:  
Rolf Raknes  
rolf.raknes@radoy.kommune.no

Dato:  
05.08.2019

## Plansak 12602013000200 - Kommuneplan for Radøy - temarevisjon - kunngjeringsbrev

Radøy kommunestyre har i sak KS 018/2019 – i møte 20.06.2019 godkjent revidert kommuneplan med følgjande vedtak:

*Kommunestyret godkjende framlegg til revidert kommuneplan, med heimel i plan- og bygningslova §11-15, slik den ligg føre. Grunngevinga går fram av saksframlegget.*

Føresegnene er blitt samordna og kommunedekkande. Strandsone og havområda er omfatta av revisjonen - men ikkje arealendring. Endringar for bustader i LNF medfører no at det er svært mange som vil få gjera tiltak utan å søkja dispensasjon. Det er utarbeidd funksjonell strandsoneanalyse, analyse i LNF spreidd, gjennomgang av byggegrense mot sjø, og samanslåing av plankart og føresegner. Kulturminner er lagt inn i samsvar med fylkeskommunen sine krav. Mange av dei generelle merknadene som er kome inn, er i hovudsak knytt til tema som ikkje fell inn under denne delrevisjonen.

Det er oppnådd mykje forbetring i kommuneplanen innanfor ramma til temarevisjonen, noko som vil gjera det lettare for innbyggjarane. Det vil ikkje vera dispensasjonar for tiltak på dei fleste bustader som i dag ligg på frådelt tomt i LNF. Det er samsvar mellom kulturminneplan og kommuneplan. Det er eit tydeleg regelverk for byggegrense mot sjø og vassdrag.

Plandokumenta er tilgjengeleg på Radøy kommune sine heimesider under menyen Høyringar og kunngjeringar. Digitalt plankart kan leverast på SOSI 4.5 , men vert også distribuert via Geosynk. (QMS-server). Plankartet visast også i [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no) .

Med helsing

Silje Haukedal  
konst. leiar teknisk forvaltning

Rolf Raknes  
arealplanleggjar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakrar:**

Austrheim kommune	Sætremarka 2	5943	AUSTRHEIM
Bergen og Omland Friluftsråd	Hellebakken 45	5039	Bergen
Bergen og Omland havnevesen	Pb 6040	5892	BERGEN
BKK Nett	Pb 7050	5020	BERGEN
Fedje kommune	Stormarkvegen 49	5947	FEDJE
Fiskarlaget Vest	Slottsgt 3	5003	Bergen
Fylkesmannen i Vestland			
Hordaland Fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Lindås kommune	Kvernhusmyrane 41	5914	Isdalstø
Meland kommune	Postboks 79	5906	Frekhaug
NGIR	Lindåsvegen 1260	5956	VÅGSEIDET
Region Vest Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Statens vegvesen Region vest	Askedalen 4	6863	Leikanger